

Festitaren med mange sterke namn.

08.06.2018



Chris Fossli, hylla av fansen, er alltid ein klar favoritt der han stiller opp i ulike stunt som krev balanse, hutighet og dristighet.

Festitaren er eit populært innslag på Festidalen. Innslaget samlar alltid mykje folk i Båthamna. Innslaga er artige og sprelske. Heile arrangementet har stort underhaldningsfokus, samstundes som ein får fram viktige sider ved natur- og friluftslivet. Les meir og sjå kva som vert skrive i pressemeldinga:

Leiar av Hordaland bondelag, Kjetil Mehl, kan meir enn å kjøyra traktor. Han har sterke sykkelbein, og skal saman med bror sin, og sykkelproff, Vidar Mehl, prøva å kjempa seg til tittelen Årets Kongekrabber 2018.

Bjørn Olav Tveit har mange baller i lufta, og ein skulle tru at sjølvaste styreleiaren av Festidalen har meir enn nok å jobba med desse dagane. Men han har sagt ja til å vera med, og dette saman med son sin Viljar Simmones Tveit. Desse karane er over gjennomsnittet interessert i ski, men no som snøen er i ferd med å smelta, tar dei seg tid til ein tur ned i fjæra og taren.

Tora Aksnes har meir enn nok med å halda ein ball i lufta. Volleyballjenta frå Hatlestrand har vist at ho trivst godt i fjæra og med sand mellom tærne på sandvolleyballbana. Kanskje dette er ein styrke ho tar med seg inn i konkuransen saman med venninna si og badmintonspelar Sofia Macsali?

Høgt og lågt finn vi klatraren Christoffer Fossli. Med fleire kongepokalar i klartring, kan vi forventa styrke frå denne karen. Og med seg har han ei sterk dame som også trivst høgt oppi fjellveggen, Tina Constanse Rosvold Eik.

Vi har klart å få med to spreke bønder til. Frå Sunde stiller ekteparet Håvard Flaten og Tone Eirheim. Tone er eit råskinn til å jobba, så ho har klart å halda formen oppe etter at ho gav seg som langrennsløpar. Vi er spente på om mannen klarer å halde følge.

Tekt: Pressemelding

Foto/redigering/nett: Kristian Bringedal



Bjørn Olav Tveit med kvit overdel, sjølvaste styreleiaaren i Festidalen, er eit godt namn når det gjeld fysiske utskeingar.